



SAMBAND

Oversiktskart som sirklar inn Hamnsundsambandet alternativ C, saman med eksisterande Ålesundstunnelar og den framtidige Nordøyvegen. Kart: Nordplan

Hamnsund-sambandet

TUNNELTRASÉ: Haram kommune har eigengodkjent kommunedelplan for Hamnsundsambandet, Haram kommune. Her blir det også stilt krav om sykkelhotell i samband med busshaldeplass, og parkeringsplass på Hamnsundsida, i tråd med kommuneplanen sit mål om at «all vekst skal skje ved gange, sykkel og kollektiv».

Saka blir handsama paral-

lelt med Ålesund kommune, og saksutgreinga i Haram er bygd på saksutgreinga i Ålesund.

Dei to kommunane har etter ei rekke motsegner frå fylkesmannen og andre instansar valt å gå for alternativ C for i det heile tatt å kome vidare i arbeidet med Hamnsund-sambandet.

Alternativ C er basert på direkte tunneltrasé mellom

Hamnsund og Kverve, utan lokalveg i dagen mellom Hamnsund og Store Kalvøy.

Alternativet løyser ikkje ønsket om vegsamband til Store Kalvøy, noko som i denne omgangen som stod i fare for å umogleggjere godkjenning av planen.